

## **LOKAL TRANSPORT FOR UNGDOM – STAD KOMMUNE**

### **Informasjon og kriteria for ungdomsklubb og transportordningar**

#### **LTU - UNGDOMSKLUBB** – Eigenandel 30 kr pr veg. 60 kr t/r

Alle ungdomsklubbar i Stad kommune som skal nytte LTU tilbodet må støtte kriteria for LTU tilbodet i Stad kommune. Før ein nyttar tilbodet må ein ha fått avklart dette med sakshandsamar i Stad kommune.

Kva slags ungdomsklubbar ein kan bestille LTU til, vil vere lista opp på infosida om LTU på [www.stad.kommune.no](http://www.stad.kommune.no) og gjort kjent for målgruppa og involverte. Ein skal og finne ungdomsklubbane på Stad foreiningsportal.

#### **KRITERIA FOR UNGDOMSKLUBBAR:**

For å få nytte LTU må ungdomsklubben vere

- open inkluderande møteplass for all ungdom i Stad kommune uavhengig av tru, livssyn, identitet eller bakgrunn.
- for ungdom 13 – 19 år
- rusfritt arrangement med trygge vaksne tilstade.
- eit fast tilbod igjennom året – minimum 1 g i mnd.
- Ingen krav eller forventning om betaling og /eller medlemskap.
- lokalisert og ha aktivitet i Stad kommune.

!Arrangør /ansvarleg vaksen på ungdomsklubben er den som bestiller transporten.

!Ungdomsklubben kan sjølv velje om ein vil ha tilbod om tur/retur eller berre retur og må gjere dette kjent på sine sider og kanalar.

Ungdomsklubben skal ein profil på Stad foreiningsportal der ein finn kontaktinfo og i kalenderen kan sjå kva dagar det er ungdomsklubb.

Ta kontakt med frivilligsentralane om du manglar tilgang eller treng support.

! Skysstilbodet gjeld for dei som bur meir enn 2 km unna ungdomsklubben.

Ungdomsklubb som nyttar LTU tilbodet har ansvar for

- å fylje kriteria
- marknadsføre LTU tilbodet på eigne sider/ arena
- ta ansvar for å bestille skyssen for alle ungdommane som treng det.

Ungdom kan i teorien velge i dei ulike ungdomsklubbane som har LTU avtale i Stad kommune, men nokon gangar kan det vere plassmangel og/eller for lite vakter som kan gjere at ungdomsklubben må seie nei til besøkande frå andre bygder.

- Ein skal nytte nærmaste drosje /transport selskap.
- Ta kontakt med sakshandsamar ved spørsmål / behov.

#### **KRITERIA FOR TRANSPORTSELSKAPA:**

Drosje/transportelskapa sender faktura til Stad kommune merka med LTU, kva ungdomsklubb det gjeld, strekning, og skal ha spesifisert kor mange personar/eigenandel og ha kvitteringar vedlagt på dette.